

Til Kultur- og likestillingsdepartementet
postmottak@kud.dep.no

Høyringsvar; Forslag til endring i forskrift om studieforbund godkjent av Kulturdepartementet – kurs ved bruk av elektronisk kommunikasjon (digitale kurs)

Studieforbundet kultur og tradisjon applauderer og er glad for initiativet som er teke for å få ei endring av dagens krav som avgrensar bruk av digitale kurs. Som studieforbund er vi opptekne av å kunne tilby gode kurs og lågterskel kurs, tilgjengelege for alle. Departementets forslag om ei endring i forskrift som fører med seg at vi fritt kan nytte heildigitale kurs der dette er føremålstenleg, vil gje studieforbunda større fridom og er for oss svært gledeleg og eit godt og viktig steg i riktig retning i tråd med utviklinga i samfunnet elles.

Covid-19-pandemien og nedstenging av samfunnet har gjort noko med kommunikasjonen og korleis vi gjennomfører både møter, samtalar og opplæring, og vanar til folk og kunnskap om bruk av digitale løysningar har endra seg radikalt. Ei betydeleg satsing på kompetanseheving både på teknisk gjennomføring og pedagogisk bruk av verktøya har ført til at dei digitale kursa har fått høgare kvalitet i takt med den teknologiske utviklinga elles på området.

Tekniske løysingar kan aldri fullt og heilt erstatte fysisk frammøte, men vi meiner det er eit godt og viktig supplement. Studieforbundet meiner høvet til å halde heildigitale kurs, gjer deltaking meir lågterskel og det vil vera ei lettare oppgåve å inkludere og legge til rette for deltakarar som ikkje kan delta på fysiske samlingar, til dømes på grunn av funksjonsnedsettingar, eller som av andre helsemessige årsakar ikkje kan delta. Fleire digitale kurs kan ha ein effekt for regional deltaking, dels fordi kurs som ikkje let seg gjennomføre mange stader, kan fylgjast uansett ver, avstand og mobilitet elles i høve kursstaden.

Studieforbundet meiner auka fleksibilitet med moglegheit for å halde digitale kurs vil kunne auke kursaktiviteten til studieforbunda totalt sett, og vi trur ikkje at tiltaket vil føre til en nedgang i talet på fysiske kurs, eller at fysiske kurs blir erstatta av digitale kurs. Både kartlegging og innspel som er komne, viser at mange deltakarar framleis ønskjer fysiske kurs, og at studieforbunda ønskjer å legge til rette for dette.

Studieforbunda sjølve bør kunne vurdere kva som er føremålstenleg kursform og kva som gjev best læresituasjon og læringsutbytte for kvart enkelt kurs. Vi stiller oss bak eit framleis krav om samtidig frammøte, og krav grunngjeving for valet av kursform.

Vågå 26.01.2023

Med vennleg helsing
Studieforbundet kultur og tradisjon



Torunn Elise Kveen
Kommunikasjonsrådgjevar